



Sjå på bilete. Kva ser du?

Ei ku med horn som veks i kvar sin retning.



NRF-kua til Johannes Hauge er nær på 20 år gammel. Ho går ut og inn av floren, lukkar opp florsdøra og beitar fritt på tunet. Hornet på fram veks inn i auga og må filast av med faste mellomrom.

Eit ku med slike horn er heller uvanleg og det er eit sjeldan syn, jamvel for dyrlegane som stundesvis er innom tunet Oppe i Skorpo.

Eigaren, Johannes Hauge, har si forklaring. Kua slektar på faren og mora. Kua vart kalv med tradisjonell befruktning.

Kua er i god form og går faktisk med kalv.



Tekst og foto: Kristian Bringedal